



Referat frå kommunemøte torsdag 03. juni 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og FHI.

Ikkje til stades: KS, Askøy, Gulen, Hyllestad, Lærdal, Samnanger, Sveio og Voss.

Møteleiar: Haavard Stensvand

Innhold

1. Informasjonssaker	1
2. Undervegsevaluering av pasienttryggleik i koronavaksinasjonsprogrammet v/Linn C. Bakke	2
3. Rekruttering av studentar til vaksinasjonsarbeid v/Randi Skaar, HVL	3
4. Økonomisk kompensasjon - kostnader for vaksinasjon.....	3
5. Ny rettleiar om vaksinasjon av helsepersonell.....	3
6. Revidert rettleiar for jamleg massetesting.....	4
7. Skuleavslutningar	4
8. Utfordringar med rekruttering av personell i vekene 29-31.....	4
9. Bestilling av vaksineutstyr	4
10. Handtering av resterande AstraZeneca-vaksinar i kommunane.....	5
11. Etterregistrering av vaksinar sette i utlandet i SYSVAK.....	5
12. Nasjonal informasjonskampanje	5
13. Diverse info frå Helsedir	5
14. Epidemiologisk rapport	5

1. Informasjonssaker

Søknadsordning for unntak frå opphald på karantenehotell ved sterke velferdsomsyn

Sist veke orienterte vi om etablering av søknadsløysing for unntak frå opphald på karantenehotell ved sterke velferdsomsyn. Søknadsportalen er no på plass på UDI sine nettsider og reisande inn til landet kan søke om og få innvilga unntak før innreise. Vi legg ved lenke til meir informasjon og søknadsportal, til orientering.

<https://www.udi.no/om-koronasituasjonen/soknad-om-unntak-for-opphold-pa-karantenehotell-ved-sterke-velferdsgrunner-nar-du-reiser-til-norge/>

Kontaktregisterer kommunelege

Det nye registeret er no på plass, de skal ha fått brev frå Helsedirektoratet om registrering av kontaktpunkt i løysinga. Hdir minner om at fristen for å registrere opplysningar er 15. juni.



Koronasertifikat og innreiser

Helseministeren snakka på pressekonferansen onsdag 2. juni om at det skal vere på plass eit verifiserbart koronasertifikat frå 11. juni. Ein av konsekvensane av innføringa av sertifikatet, er at det vil gjere grensepasseringar enklare for personar som er «beskytta».

Som ei mellombels løysing fram til 11. juni, vil personar som er «beskytta», få unntak for plikta til å gjennomføre innreisekarantene på karantenehotell (jf. covid-19-forskrifta § 5 fjerde ledd, bokstav g og h og nytt sjette ledd).

Det er framleis karanteneplikt, men den reisande kan ta karantenen heime eller på anna eigna stad. Føresetnaden er at han eller ho kan dokumentere på helsenorge.no at vaksinasjon er gjennomført, eller at vedkomande har hatt covid-19 dei siste seks månadane.

På grensa er det politiet som får i oppgåve å sjekke den digitale informasjonen. Ordninga er gjort gjeldande frå i dag kl. 12.00. For Bergen kommune betydde det at dei med ein gong måtte setje i verk eit større apparat for å kunne tilby reisande som allereie er på karantenehotell å forlate hotellet, viss vilkåret om «beskyttelse» er oppfylt.

For alle kommunane betyr det at ein god del fleire reisande frå utlandet vil kome rett til kommunen som er reisemålet, for å gjennomføre karantene der.

Ei problemstilling det reiser er om kommunane i så fall må følgje det opp gjennom kontroll av om karantenefasilitetane er tilfredsstillande. Denne endringa kom veldig brått på, og vi har ikkje fått spesielle signal om tilsyn og kontroll frå nasjonale styresmakter. Vi vel å seie som vi har sagt før; kommunen må gjere ei risikovurdering av kva smitteførebyggande arbeid den skal velje å prioritere. Eit av elementa i vurderinga er kva smitterisiko personar er beskytta faktisk representerer.

Utfordringar på grunn av streik i utdanningssektoren

Kommunane må gi beskjed til Statsforvaltaren viss det oppstår spesielle utfordringar på grunn av streiken i utdanningssektoren.

2. Undervegsevaluering av pasienttryggleik i koronavaksinasjonsprogrammet v/Linn C. Bakke

FHI og Hdir laga i starten av april råd til undervegsevaluering av pasienttryggleik i vaksinasjonsprogrammet, for å støtte kommunane i dette arbeidet. Nokre av kommunane i Vestland hjelpte òg til med innspel i dette arbeidet. FHI vil no gjerne ha nye innspel frå dei som har nytta verktøyet.

Orientering ved Linn Bakke – FHI:

Det er laga eit verktøy som kommunen kan ta utgangspunkt i for si risikovurdering. FHI har brukt tid på å lage refleksjonsspørsmål som utgangspunkt for arbeidet. Evalueringa er eit tilbod for korleis kommunane kan gjere undervegsevaluering, og det er ikkje forventa at kommunane skal rapportere på bruken av verktøyet.

Verktøyet ligg på FHI.no og inneheld refleksjonar og råd til korleis gjere risikovurderingar for vaksinerings, og korleis følgje opp. FHI har identifisert totalt 55 potensielle risikoar i vaksinasjonsarbeidet: Dei kan vere hjelpemiddel til å gjere eigne vurderingar, til dømes innbyggjarar som ikkje møter opp til vaksinerings. De finn meir informasjon om verktøyet i lenkja under:



<https://www.fhi.no/nettpub/koronavaksinasjonsveilederen-for-kommuner-og-helseforetak/koronavaksinasjon-i-kommunene/rad-til-underveisevaluering-av-pasientsikkerheten-i-koronavaksinasjonsprogr/?term=&h=1>

Bakke stilte spørsmål til om kommunane har starta med risikovurdering eller undervegsevaluering av sitt koronavaksinasjonsprogram. Responsen tydde på at kommunane ikkje var komen i gang med dette. Ein av kommunane peikte på at evaluering av pasienttryggleik i vaksinasjonsarbeidet er eit kontinuerleg arbeid.

FHI ber om at kommunane som tek i bruk råda og verktøya, tek kontakt dersom dei har innspel. Kontaktpersonar hos FHI er: KarolineSand.Haarberg@fhi.no og LinnCathrinTysse.Bakke@fhi.no

3. Rekruttering av studentar til vaksinasjonsarbeid v/Randi Skaar, HVL

Høgskulen på Vestlandet ønskjer å minne om at dei har studentgrupper som har sprøytesetting som ordinær del av utdanningsprogramma sine – og at studentar kan hjelpe til i vaksinasjonsarbeid sjølv om dei ikkje er ferdig med utdanninga si.

Orientering ved Randi Skår, dekan ved fakultet for helse- og sosialvitskap ved HVL: Høgskulen i Vestland har studentar som kjem frå mange kommunar i Vestland. HVL kan bidra med å formidle utlysingstekstar internt. Mange studentar har fått sommarjobb, men det kan likevel vere studentar som har ledig kapasitet. Høgskulen har undervisning fram til 18. juni men kan frem til det formidle utlysingar. Studentar i sjukepleie, vernepleie, radiografi og bioingeniørfag har kompetanse i sprøytestikking etter andre året, men må ha eit konkret opplæringsprogram i sjølve vaksinasjonsarbeidet. Høgskulen kan hjelpe til med å formidle eventuelle utlysingar knytt til behov for personell til vaksinasjonsarbeidet. Dette har dei mellom anna gjort for Bergen kommune.

Kontaktperson for utlysingstekstar er dagrun.kyrkjebo@hvl.no.

4. Økonomisk kompensasjon - kostnader for vaksinasjon

Vi har formidla vidare til kommunaldepartementet den uroa fleire av kommunane har gitt uttrykk for om evna til å gjennomføre den nasjonale vaksinasjonsstrategien i sommar. Fleire har òg etterlyst ei avklaring av den økonomiske sida av dette.

I fordelinga av ekstra skjønnsmidlar for første halvår har departementet sagt at utgifter til vaksinasjonsprogrammet ikkje skal vere ein del av grunnlaget som kommunane rapporterer inn. Vi er kjent med at det er løyvd midlar til vaksinerings, og at det i revidert nasjonalbudsjett er framlegg om 757 mill. kroner (fordelt til kommunane etter innbyggjartal).

Vi har bedt departementet om å få ei rask avklaring om kommunane kan forvente å få refundert eventuelle ekstra utgifter i samband med gjennomføringa av vaksinasjonen.

5. Ny rettleiar om vaksinasjon av helsepersonell

Folkehelseinstituttet har publisert ny rettleiar om den vidare vaksinerings av helsepersonell i kommunar og helseforetak. Det er framleis inntil 10 % av dose 1-vaksinane som kan nyttast til dette. Ferievikarar er òg omtalt i den reviderte rettleiaren.



https://www.fhi.no/contentassets/3596efb4a1064c9f9c7c9e3f68ec481f/2021.05.24_veiledning-for-videre-helsepersonellvaksinerings.pdf

6. Revidert rettleiar for jamleg massetesting

Helsedirektoratet har revidert rettleiaren for jamleg massetesting. Dei tilrår jamleg massetesting av prioriterte grupper i område med moderat til høg førekomst av smitte og/eller høg smitterisiko. Barn og unge skal prioriterast. Rettleiaren gjer greie for det faglege grunnlaget og beskriv planlegging og gjennomføring av massetesting.

Rettleiaren finn de på denne lenkja:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/testing-isolasjon-smittesporing-og-karantene/testing#kommunene-kan-jevnlige-masseteste-prioriterte-grupper>

Til orientering vart piloten i Vestland avslutta 31. mai, men nokre skular har i samråd med kommunane dei ligg i vedteke å halde fram ut skuleåret. For tida går det føre seg ei spørjeundersøking blant dei tilsette og elevane ved dei vidaregåande skulane som har delteke i piloten, som blir del av ein rapport.

7. Skuleavslutningar

Vi har fått spørsmål om kva som er tillate tal deltakarar ved skuleavslutningar. Helsedirektoratet har fått mange spørsmål om det same, og ser på dette no. I tidsramma legg dei til grunn av desse skal haldast siste skuleveke, altså om to veker.

Etter forskrifta har dei så langt lagt til grunn at skuleavslutningar reknast som privat samkome etter § 13 fyrste ledd bokstav e. Samstundes ser dei at dette ikkje opnar for moglegheita til vanlege skuleavslutningar, og at dette kan verke underleg når samfunnet opnar meir opp og det er høve til å samle mange menneske til andre typar arrangement. Vi må difor vente på avklaringa frå Hdir i dette spørsmålet.

8. Utfordringar med rekruttering av personell i vekene 29-31

Vi veit at nokre kommunar har utfordringar med å sikre nok helsepersonell til vaksinasjonstoppen i vekene 29-31. Vi har derfor undersøkt med Hdir kva dei tenkjer om helsepersonell frå bedriftshelsetenestene (BHT) som ein ressurs. Næringa har tidlegare har vore på tilbodssida og det har vore lågare aktivitet for BHT i ein lang periode, men det er no i ferd med å ta seg opp att.

I motsetnad til mykje av personellet i den nasjonale helsepersonellportalen, finst BHT i dei fleste kommunar. Hdir seier at det ikkje er naturleg at dei går inn i direkte dialog med bransjen, men at det ikkje er noko i vegen for at den einskilte kommune inngår avtale. Dette er òg avklart med FHI. For aktørar utan refusjonsordning må kommunane dekke kostnadane og få desse refundert som utgifter til koronahandsaminga. Hdir kjem tilbake med meir utfyllande svar kring dette.

9. Bestilling av vaksineutstyr

Dersom det er kommunar som ikkje bestilte vaksineutstyr via Questback-lenke frå Helsedirektoratet i slutten av april, og det er kritisk viktig å få bestilt – kan de sende bestilling til vaksineutstyr@helsedir.no snarast og innan denne veka.



10. Handtering av resterande AstraZeneca-vaksinar i kommunane

Det pågår eit arbeid med å sjå på kva kommunane skal gjere med restlager av AstraZeneca-vaksiner, og dette ligg no hos HOD. Normal tek ikkje FHI imot utsendte vaksinar, men gitt dagens situasjon skal dette drøftast i departementet.

11. Etterregistrering av vaksinar sette i utlandet i SYSVAK

Vi minner om at vaksinar som er sette i utlandet førebels IKKJE skal registrerast i SYSVAK. Dette er eit spørsmål som det jobbast med no, og det vil kome klarare retningslinjer etter kvart.

12. Nasjonal informasjonskampanje


Nasjonale helsestyresmakter vil gjennom fleire nasjonale informasjonskampanjar oppmode befolkninga til å ta vaksine når dei får tilbod om det, inkludert i lokalaviser og i sosiale media. Det vurderast òg kampanje mot slutten av sommaren for å oppmode folk til å ta dose 2. Alt materiell til kampanjen blir lagt ut på FHI.no.

13. Diverse info frå Helsedirektoratet

Hdir fortalde òg i møte i går at avgjerda om Janssen-vaksinen nærmar seg ein konklusjon, og at meir om dette kjem snart.

På fredag har Hdir òg frist for å levere på oppdrag knytt til tilgangstesting, der dei ser på andre aktørar enn kommunane som kan hjelpe til med testing som gjev tilgang til ulike større arrangement. Meir informasjon kjem når oppdraget er levert HOD.

14. Epidemiologisk rapport





Statsforvaltaren i Vestland

Detaljert oversikt i Sykdomspulsen: <https://spuls.fhi.no>

Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Fylkeslegens vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>